



Møteinnkalling

Utvalg:	Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested:	Valldal Fjordhotell
Dato:	27.06.2023
Tidspunkt:	09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Velkommen til synfaring og styremøte i Åndalsnes – Trollstigen – Valldal, mandag 26.juni til tysdag 27.juni 2023

PROGRAM

Måndag 26.juni

Kl. 10:30 - Frammøte på hotell Aak.

Kl. 11:00 - Arbeidsverkstad for styret - revisjon av forvaltningsplan

Presentasjon - Brukarundersøking i Reinheimen 2022 v/NINA (Teams)
Innleiing til gruppearbeid v/forvaltarane

Kl. 12:30 Lunsj

Kl. 13:30-15:30 Arbeidsverkstad forvaltningsplan

Avreise mot Valldal, med stopp ved Norsk Tindesenter, Kløvstien og Slettvikane.

Kl. 18:00 innlosjering på Valldal Fjordhotel

Kl. 19:00 Middag på Valldal Fjordhotel

Tysdag 27. juni

Kl. 09:00-12:00 Styremøte på Valldal Fjordhotell

Kl. 12:00 – Lunsj
Heimreise

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 30/2023	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 31/2023	Referatsaker		
	Autorisasjon - besøkssenter nasjonalpark - Norsk Tindesenter AS		2022/11603
	Informasjon om forprosjekt - Rauma - fv. 63 - rassikring av Trollstigen - Huldrebrua - Stigfossbrua		2023/6449
ST 32/2023	Delegerte saker		
DS 36/2023	Delegert sak - Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - transport av trevirke - vedlikehold av bru på turstien mellom Muldal og Tafjordsætra - Tafjord Grunneigarlag		2023/6363
DS 37/2023	Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - utvikling av Luftambulansetjenesten - bruk av heis i redningsaksjoner - Stiftelsen Norsk Luftambulanse		2023/5517
DS 38/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2023 - 2027 - motorbåt - Leirungsvatnet - Rune Skjåk		2023/2927
DS 39/2023	Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - 2023 - 2025 - drone - bruk av kløvhest til transport av utstyr - innsamling av brearkeologisk materiale - Innlandet fylkeskommune		2023/6638
ST 33/2023	Trollstigen LVO - Dispensasjon - oppsetting av toalett på ny rasteplass ved rv 63 ved Slettvikane - Møre og Romsdal Fylkeskommune		2020/10986
ST 34/2023	Reinheimen NP - dispensasjon - 2023 - innsetting av vindu i fiskebu - Stammåtjønn - Espen Opsahl		2023/5287
ST 35/2023	Finndalen LVO - dispensasjon - oppføring av stall - Sterringen - Mona og Arild Fallingen		2022/7268
ST 36/2023	Finndalen LVO - dispensasjon - oppføring av klopp over sidebekk til Råkåelva - Finndalen fjellstyre		2023/3630
ST 37/2023	Orienteringar		

ST 30/2023 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

ST 31/2023 Referatsaker

Autorisasjon - besøkscenter nasjonalpark - Norsk Tindesenter AS

Informasjon om forprosjekt - Rauma - fv. 63 - rassikring av Trollstigen - Huldrebrua - Stigfossbrua

ST 32/2023 Delegerte saker

DS 36/2023 Delegert sak - Tafjorden-Reindalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - transport av trevirke - vedlikehold av bru på turstien mellom Muldal og Tafjordsætra - Tafjord Grunneigarlag 2023/6363

DS 37/2023 Delegert sak - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - dispensasjon - motorferdsel - 2023 - helikopter - utvikling av Luftambulansetjenesten - bruk av heis i redningsaksjoner - Stiftelsen Norsk Luftambulans 2023/5517

DS 38/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - motorferdsel - 2023 - 2027 - motorbåt - Leirungsvatnet - Rune Skjåk 2023/2927

DS 39/2023 Delegert sak - Dispensasjon - Reinheimen NP - 2023 - 2025 - drone - bruk av kløvhest til transport av utstyr - innsamling av brearkeologisk materiale - Innlandet fylkeskommune 2023/6638



Arkivsaksnummer: 2020/10986-26

Saksbehandlar: Mari Melbø Rødstøl

Dato: 07.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	33/2023	27.06.2023

Trollstigen LVO - Dispensasjon - oppsetting av toalett på ny rasteplass ved rv 63 ved Slettvikane - Møre og Romsdal Fylkeskommune

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 bokstav l) får Møre og Romsdal Fylkeskommune dispensasjon til å sette opp eit toalett ved parkeringsplassen på Slettvikane.

Toalettet er eit fyrste steg i å oppgradere parkeringsplassen ved Slettvikane. Formålet med tiltaket oppfyller vilkår for å gje dispensasjon, og strider ikkje mot verneformålet, og vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

1. Endeleg plassering av toalettet avklarast på staden i samråd med forvaltar og grunneigar.
2. Toalettet skal være av typen *Sula stasjonær 2 roms med fargen Knausgrå 1153*.
3. Møre og Romsdal Fylkeskommune skal stå for drift, tømning og vedlikehald av toalettet, jf. avtale
4. Skilt og rastebord frå austida av vegen skal flyttast midlertidig til ny planlagt rasteplass på vestsida av rv 63. Den gamle rasteplassen skal sperrast fysisk av for parkering etter flytting.
5. Søkjer skal i løpet av 2023 detaljprosjektare den nye parkerings/rasteplassen på Slettvikane, og sende detaljplan til Nasjonalparkstyret for Reinheimen for godkjenning.
6. Frist for gjennomføring av tiltaket; oppføring av nytt toalett, flytting av benker inkludert opprydding og stenging av eksisterande rasteplass er sett til 01.12.2023.
7. Nasjonalparkstyret for Reinheimen kan krevje at det nye toalettet blir fjerna og parkeringsplassen blir stengd, dersom tiltaket fører til skader og ulemper for verneverdiane i området.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka


- Søknad om oppsetting av toalett på Slettevikane ved rv 63, Fjord kommune 07.06.23
- Skisse av toalett, BIOrolla SULA stasjonær_2 roms
- Planskisse av ny rasteplass på Slettevikane, Arkitekt MNLA Berge Hjørungnes 03.07.18
- Grunneieravtale – drift og vedlikehald av toalett på Slettevikane, 29.03.23 (vedlagt)
- Reguleringsplan og føresegner for Slettevikane, Norddal kommune 05.10.09

Saksopplysningar


Møre og Romsdal Fylkeskommune søker om dispensasjon til å sette opp et nytt toalett ved Slettevikane på planlagt ny rasteplass ved rv 63.

Formålet med søknaden er fyrst og fremst å få på plass eit toalett i området, men tiltaket er også eit ledd i ein langsiktig plan om å flytte den etablerte rasteplassen frå austsida til vestsida av rv 63. I tillegg til toalett, skal den nye rasteplassen tilrettelaggast for bilparkering, nokre bord og benkar og plass for driftsgarasjen til Statens vegvesen og informasjonspunkt til Reinheimen Nasjonalpark. Den eksisterande rasteplassen skal stengjast av for bilar og når alle installasjonar er flytta/fjerna skal arealet attendeførast til ein naturleg tilstand.


I søknaden er teikning av toalettet lagt ved, og i tillegg ideskisse for den nye rasteplassen og vedtatt reguleringsplan for området frå 05.10.2009.



Raud markering syner kor toalettet er tenkt plassert. Endeleg plassering vil skje i samråd med forvalter og grunneigare på staden.



Raud pil syner kor toalettet er tenkt plasert.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

Formålet med Trollstigen landskapsvernområde er å ta vare på eit:

- særprega og vakkert natur- og kulturlandskap, der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
 - ta vare på eit samanhengande område varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til skogområda øvst i Isterdalen og Meiadalen.
 - ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- (Verneforskrift § 2)

Trollstigen landskapsvernområde er vidare verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder *forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, vegbygging, vassdragsregulering, oppdemmingar, inngjerding av utmarksareal, oppdyrking og beitekulturivering, treslagsskifte, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, framføring av luftleidningar, bergverksdrift og annan form for grave-, sprengings- eller borearbeid, sprøyting med kjemiske middel, plassering av campingvogner og bubilar, riving av seteranlegg, etablering og merking av turstiar, forureining og forsøpling. Kulturminne skal vernast mot skade og øydelegging. Opplistinga er ikkje uttømmende.*

I følgje verneforskrift § 3, pkt. 1.3, kan forvaltningsstyresmakta gje løyve til:

l) Tiltak i samband med opparbeiding av rasteplass i tilknytning til vegen ved Slettvikane.

Det er tatt høgde for opparbeiding av rasteplass i verneforskrifta og eit toalett er eit vanleg tiltak i samband med opparbeiding av rasteplassar ved vegen.

Forvaltningsplan

Gjeldande forvaltningsplan har teke høgde for at det er behov for å opparbeid rasteplass i tilnytning til vegen ved Slettvikane, men det er ikkje spesifisert kva type konkrete tiltak som omfattar bygging av rasteplass.

Anna kommersiell utnytting i området § 3 pkt 1.3 l, 4.1, 4.2 og 4.3.

Det kan søkjast om bygging av rasteplass ved rv 63 ved Slettvikane gjennom prosjektet Nasjonal Turistveg.»

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.


Presedens

I enkeltsaker som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg.

Vurdering

Rasteplassen på Slettvikane har ein lang historikk og har vore på dagsorden i Nasjonalparkstyret for Reinheimen kvart år, etter innspel frå grunneigarane i området som opplever forsøpling på Slettvikane pga manglande toalettløsning og at det er aukande trafikk langs den nasjonale turistvegen mellom Åndalsnes og Valldal.

Med bakgrunn i problematikken i området har Norddal kommune (no Fjord kommune) i 2009 utarbeidd ein reguleringsplan for Slettvikane rasteplass og i 2018 ei skisseforslag til ny rasteplass, vist i skissa under.



Det er heimel for opparbeiding av rasteplass i verneforskrifta, og eit toalett vil vera eit vanleg tiltak i samband med å etablere ein rasteplass inntil ein såpass trafikert nasjonal turistveg som mellom Åndalsnes og Valldal.

Å sette opp toalettshuset er eit fyrste steg i å oppgradere parkeringsplassen ved Slettvikane. Formålet er å samle og etablere eit nytt informasjonspunkt og rasteplass på vestsida av rv 63 ved Slettvikane, samt tilbakeføre og revegetere området på austsida av veggen. Eksisterande redskapshus, informasjonspunkt, rastebenker og parkeringsplass skal fjernes frå austsida av fv 63 på Slettvikane og området skal revegeteres og tilbakeføres til natur.

På vestsida av vegen skal det settes opp ny nasjonsparkinformasjon, nytt toalett og etableres rasteplass. Redskapshuset frå austsida av vegen skal flyttast, for å settast opp igjen på vestsida av vegen.

Nasjonalparkstyret har sett av tiltaksmidlar til både toalett og oppgraderinga og revegeteringa. Midlane blir overført til Møre og Romsdal Fylkeskommune som står for det utførande arbeidet, samt har ansvar for drift av toalettanlegget jf. avtale. Ved å gjere desse grepa håpar vi å hindre at besøkande lagar seg bålplassar på ulike stader ved Slettvikane og få redusert forureining som følgje av at folk går på do ved elva og legg at dopapir.

I forvaltningsplan for Reinheimen står det at ein *ved byggetiltak skal ein leggje vekt på at tiltaka ikkje dannar ein kontrast eller verkar skjemmande i landskapet*. Møre og Romsdal Fylkeskommune har lagt ved teikning av toalettet som er eit ferdig toalett frå Biorolla. Desse toaletta er nytta ved fleire verneområde og fungerer utan straum og innlagt vatn. Det må gravast ned ein stor tank som må tømmast av fylkeskommunen med jamne mellomrom.

Ei eller anna form for toalettløysning er nødvendig når ein skal opparbeide ny rasteplass/parkeringsplass, langs den nasjonale turistvegen med såpass omfattande bruk. Toalettet er i utgangspunktet eit framandelement, men plasseres bak ein haug som kan hindre at det nye toalettet verkar skjemmande i landskapet. Utforminga av toalettet er enkelt, og den grå farga vil passe godt inn i det alpine landskapet

Tiltaket må vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er godt dokumentert gjennom naturbasen. Det er god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Plasseringa av toalettet skal skje på ein plass der det allereie har vært inngrep i form av å ta grus til veg og tidlegare som eit øvingsområde for militæret.

Enkelttiltaket det er søkt om er knytt til etablering av ny rasteplass på Slettvikane i landskapsvernområdet, og samla omfang av liknande søknader vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» og presedensverknad.

Toaletthuset er eit fyrste steg i å flytte rasteplassen ved Slettvikane. Det er eit ynskje frå grunneigarane å samle alt av installasjonar og inngrep til vestsida av vegen. Oppgradering av parkeringsplassen kan føre til meir besøk og meir slitasje og forsøpling i naturen sjølv om fasilitetane er til stades. For å følgje føre - var-prinsippet i nml § 9 har vi satt vilkår om at viss naturverdiane i verneområdet blir forringa ved å oppgradere parkeringsplassen på Slettvikane, kan forvaltningsstyresmakta krevje at toalettet blir fjerna og at parkeringsplassen blir stengt. § 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er vurdert til ikkje relevant.

Eit toalett ved Slettvikane vil kunne redusere forsøpling i verneområdet slik at fordelane ved tiltaket vil bli større enn ulempene for verneverdiane. Med dei vilkåra som er sett vil tiltaket ikkje stride mot verneføremålet for landskapsvernområdet.

Fra: Sørлие, Kristine[]
Sendt: 25.11.2022 12:20:00
Til: Laila Sivertsen[laila.sivertsen@mrfylke.no]
Tittel: SV: Avtale Slettvikane til signering

Vedlagt signert avtale frå Statsforvalteren i Innlandet.
Da kan de sende EHF faktura på 600 000. Hugs å føre på referansenummeret **3860KSO**
Med helsing

Kristine Sørлие
nasjonalparkforvaltar



Reinheimen
nasjonalpark

Telefon: 61 26 62 04
Mobil: 468 97 683
E-post: fmopkso@statsforvalteren.no
Web: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/>

Fra: Sørлие, Kristine
Sendt: torsdag 24. november 2022 14:48
Til: Laila Sivertsen <laila.sivertsen@mrfylke.no>
Emne: SV: Avtale Slettvikane til signering

Takk, grei justering.
Da vidaresender eg for signering hjå Statsforvaltar i Innlandet.
Med helsing

Kristine Sørлие
nasjonalparkforvaltar



Reinheimen
nasjonalpark

Telefon: 61 26 62 04
Mobil: 468 97 683
E-post: fmopkso@statsforvalteren.no
Web: <http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/>

Fra: Laila Sivertsen <laila.sivertsen@mrfylke.no>
Sendt: torsdag 24. november 2022 14:30
Til: Sørлие, Kristine <fmopkso@statsforvalteren.no>
Emne: VS: Avtale Slettvikane til signering

Hei

Vedlagt er signert avtale. Vi tok vekk punkt 2 b og c da vi anser det blir en avtale mellom oss og Fjord kommune om hvem som søker dispensasjon og innhenter samtykke frå grunneigar. Eg legger ved avtalen når eg fakturerer.

Laila Sivertsen

økonom

Fylkesvegavdelinga – vegstab

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Tlf: 90 55 22 61



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Fra: Torgeir Bye <torgeir.bye@mrfylke.no>

Sendt: torsdag 24. november 2022 12:11

Til: Laila Sivertsen <laila.sivertsen@mrfylke.no>

Emne: SV: Avtale Slettvikane til signering

Signert avtale vedlagt

Med vennlig hilsen

Torgeir Bye

Tlf. 907 37 873

Fra: Laila Sivertsen <laila.sivertsen@mrfylke.no>

Sendt: torsdag 24. november 2022 12:07

Til: Torgeir Bye <torgeir.bye@mrfylke.no>

Emne: Avtale Slettvikane til signering

Laila Sivertsen

økonom

Fylkesvegavdelinga – vegstab

Møre og Romsdal Fylkeskommune

Tlf: 90 55 22 61



Møre og Romsdal
fylkeskommune



Arkivsaksnummer: 2023/5287-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 20.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	34/2023	27.06.2023

Reinheimen NP - dispensasjon - 2023 - innsetting av vindu i fiskebu - Stammåtjønn - Espen Opsahl

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmanfgaldlova § 48 får Espen Opsahl dispensasjon til å sette inn eit nytt vindauga på si fiskebu ved Stammåtjønn i Ottadalen landskapsvernområde.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Vindauga skal settast inn på fiskebua sin nordvegg mot Syvertjønn.
- Storleiken på vindauga skal ha same mål som oppgjeve i søknaden, 68 x 40 cm.
- Vindaugsinnraming og vindaugslem skal beisast i same farge som utvendig kledning på fiskebua.

Vi gjer merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Espen Opsahl, 04.05.2023

Saksopplysningar

Espen Opsahl søker om å sette inn eit nytt vindauga på si fiskebu ved Stammåtjønn i Ottadalen lvo. I søknaden står følgjande:

«Vil med dette søke om å få sette inn et lite vindu i vår fiskebu på Stammåtjønn; gnr. 246, bnr.1, fnr. 395 i Skjåk kommune.

Vi ønsker å få satt inn et lite vindu på nordveggen mot Syvertjønn. Det er et alminnelig vindu med heltrekarm og ramme, og det er et lite vindu med følgende mål;

Bredd: 68 cm

Høgd: 40 cm

Vinduet vil ikke føre til at hytta endrer karakter.

Det vil lages en vinduslem i trevirke malt i samme farge som hytta som vil dekke vinduet de aller fleste dagene i året. Når lemmen er på vil det hindre at vinduet får en reflekterende virkning.»

Bildet under viser veggene hvor vinduet vil bli plassert.



Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndighet for Reinheimen nasjonalpark og tilhørende landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020.

Verneformål – forskrift

«Formålet med Ottadalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høg fjellsområde
- ta vare på det biologiske mangfaldet i området, med særleg vekt på villreinstammen i Ottadalen nord

- ta vare på kulturminne mellom anna knytt til vatningsanlegg.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.» (Verneforskrift § 2)

Ottadalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, ... Opplistinga er ikkje uttømmende. (Verneforskrift § 3, pkt. 1.1)

Tiltak på bygningar i verneområdet som t.d. innsetting av nye vindauge er i utgangspunktet forbode etter denne regelen. Det må derfor gjevast dispensasjon for å endre fasaden på eksisterande bygningar.

Fasadeendring som t.d. nye vindauge er heller ikkje spesifisert i verneforskriftene, og må

vurderast som unntak frå vernereglane, og behandlast som dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48: « ..det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og det ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlege samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Dispensasjonsregelen er i utgangspunktet meint for uføresette tilfelle som ikkje vart vurdert ved oppretting verneområdet, i fyrste rekke bagatellmessige inngrep eller forbigåande uro. § 48 fyrste alternativ dekker forhold der verneføremålet og verneverdiane toler enkeltstående avvik frå vernereglane.

Forvaltningsplan

Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, a og 1.3, a, b.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

Materialval

Byggjeteknikk

Utforming og farge,

jf. opplistinga ovafor.

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.

....

Vedlikehald § 3, pkt 1.2, a.

Direkte heimla i verneforskrifta er normalt innvendig og utvendig vedlikehald som skifte av kledning, dører, glas og tak som ikkje fører til endring av storleik eller fasade er tillate utan søknad. Alle former for fasadeendringar og utvidingar er søknadspliktige i landskapsvernområdet. Vedlikehald omfattar ikkje ombyggingar som fører til endra bruk av bygget.

Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene. Val av skarpe fargar til utvendig maling, blanke blikktak m.m. på bygningar som ikkje hadde dette frå før er å rekne som fasadeendringar. Bordkledning av tømmerhus reknast som ei søknadspliktig fasadeendring.


Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 sett strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon for tiltak som «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna myndigheiter spiller også inn. Dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48 kan ikkje nyttas for å utvide ramma gjeve i vernevedtaket, men skal være ein sikkerheitsventil som skal fange opp heilt spesielle tilfelle som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet. Det er fyrste alternativ i naturmangfoldlova § 48 første ledd som vil kunne bli anvendelse i dette tilfelle.

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Vurdering

I Ottadalen lvo er det mange byggverk spreidd over store delar av området, knytt til tradisjonell bruk som jakt, fiske og beitetilsyn. Mange av desse bygga er i privat eige, slik som fiskebua ved Stammåtjønn. Sidan området er spreidd utbygt kan det være vanskeleg å gjere greie for ein eins byggjeskikk da det er ulike bygningsformer og at byggeskikken har utvikla seg over tid.



Kartet viser deler av Ottadalen Ivo, der fiskebua ved Ståmmåtjønn er markert.

Forvaltningsplan for Reinheimen manglar retningslinjer for fasadeendringar som innsetting av nye glas på bygningar, men ved vedlikehald skal ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene. Ved vurdering av om eit tiltak er ei fasadeendring vil ein leggje vekt på om endringa fører til at bygget blir meir eksponert i høve til omgjevnadene.

Forvaltningsmyndigheten kan midlertidig etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ gje dispensasjon til tiltak som ikkje strider mot vernevedtaket sitt formål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Dette betyr at det kan gjevast dispensasjon dersom tiltaket ikkje er i strid med verneformålet eller ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Formålet med Ottadalen Ivo er fyrst og fremst knytt til eit *eigenarta naturlandskap som del av eit samanhengande høg fjellsområde* med det biologisk mangfaldet der leveområde til villreinstammen i Ottadalen nord er sentralt. Vernet omfattar også kulturminne. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Søker har lagt ved foto av nordveggen på fiskebua der vindaugget skal settast inn. Storleik og utforming av vindaugget vil harmonere godt med den enkle bordkledde fiskebua, og eit lite vindaug i str. 68 x 40 cm vil ikkje endre bygget sin karakter eller føre til at bygget blir meir eksponert i landskapet. Det skal også lagast ein trelem beisa i same farge som fiskebua, for å dekke til vindaugget når bua ikkje er i bruk, noko som vil gjere fasadeendringa minimal.

Fasadeendringa vil ikkje verke så skjemmaende på landskapet at det strider mot verneformålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Vilkåra for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 første ledd, første alternativ er såleis oppfylt.

Enkelttiltaket det er søkt om er knytt til ei privat fiskebu, og samla omfang av liknande søknader vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. Nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» og presedensverknad. I samband med det igangsette arbeidet med revidering av forvaltningsplan for Reinheimen, vil ein kunne innarbeide retningslinjer for fasadeendring som t.d. innsetting av nye glas på bygg i verneområda, som vil kunne klargjera regelverket.



Arkivsaksnummer: 2022/7268-3

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 20.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	35/2023	27.06.2023

Finndalen LVO - dispensasjon - oppføring av stall - Sterringen - Mona og Arild Fallingen

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, b) får Arild Fallingen dispensasjon til sette opp ein ny stall på Sterringen seter.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- Ny stall skal oppførast i 2 etasjar, der 1.etasje skal ha eit utvendig areal på inntil 100 m², (5,7x 3) + (11,50 x7,21), med mønehøgde på inntil 5,85 m, i samsvar med søknaden.
- 1. etasje på stallen skal vera mest mogleg gjenbruk av tømmerlaft, medan utvendig kledning på 2.etasje og inngangsparti er i bordkledd i ståande panel som vist i skissa vedlagt søknaden.
- Døropningar, låvebru og vindaug skal plasserast og ha slik utforming som vist på skissa vedlagt søknaden.
- Stallen skal fundamenterast på turrmur i naturstein, og stallen skal plasserast mest mogleg senka i terrenget på seterkvea si nordside. Endeleg plassering skal avklarast i felt med nasjonalparkforvaltar.
- Takmaterialet på stallen skal vera torv.
- Tømmerveggane og evt. utvendig kledning på bygningen skal vera ubehandla for naturleg gråning, eller påførast mørk brun beis.
- Bygging av terrasse, platting eller veranda er ikkje tillate.
- Frist for gjennomføring av tiltaket inkludert opprydding og fjerning av bygningsavfall frå verneområdet er sett til **01.09.2026**. Etter denne fristen fell dispensasjon bort.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde. SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at tiltaket også skal avklarast med kommunen i høve til plan- og bygningslova.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Arild Fallingen, 16.07.22
- Vedtak i Finndalen fjellstyre, 29.03.23, sak 9/23 og 07.06.23, sak 14/23

Saksopplysningar

Søknaden

Arild Fallingen søker om å sette opp ein ny stall på Sterringen seter i Finndalen lvo, og i søknaden står følgande:

«Skogsstallen kjøpte vi i 2011 fra Langmorkje Almenning med tanke på vidare utvikling av hestehold/drift på setra vår.

Eksempelvis hva bygget vil bli brukt til;

- Skogshestkurs for grupper, tynningshogst.*
- Lære om oppstalling, stell og bruk av hest.*
- Temming, innkjøring og innriding.*
- Avl av særnorsk utrydningstruet rase.*

Låven kan i tillegg til lager av for og utstyr brukes til selskaper som bryllup, dåp og konfirmasjon m.m. Stallen er et viktig bygg for videreutvikling av næringsvirksomheten vår.»



Før behandling av søknaden i Finndalen fjellstyret 07.06.23, ble det bede om supplerende informasjon om bruken av stallen på setra. Det er gjeve slik tilleggsinformasjon om formål med stallen og tiltaket:

Vi har ikke nevnt noe om turisme i vår søknad, så vi forstår ikke helt problemstillingen til fjellstyret. Tilleggsopplysninger til søknaden om oppføring av stall på setra vår i Finndalen: For å si litt om de to seterhusa som er der i dag, så kommer det til å bli slik at det største av dem blir brukt av oss selv da vi har blitt to flere i vår familie. Det gamle vil bli brukt til utleie både med grupper i forbindelse med hestene og til vanlig utleie. Dette vil også bli brukt til budeie og arbeidshjelp i seterdrifta.

Når det gjelder første etasje på stallen så blir det plass til 8 hester i to rom, pluss sal og sele og annet utstyr til hestene i inngangspartiet. Det vil bli trekkpipe som ventilasjon. I andre etasje blir det låve. Dvs. lagring av høy til hestene og melkegeitene for foring inne. Det er behov for dette da både hestene og geitene skal fores inne om natta og geitene om dagen visst det blir dårlig vær. Det blir også behov for et bra lager av strøflis da det er dypstrø som er tenkt til melkegeitene inne. Det blir også en del køyreutstyr til hestene som må lagres innendørs når det ikke er i bruk. Tømmerdrag av flere slag/vogner og kanskje sleder.

Lagerplass blir det ikke for mye av. Det som var tenkt med grupper her er bare visst antallet blir for stort i det største uthuset med tanke på servering, da kan vi sette opp langbord på låven som et ekstra alternativ om nødvendig.


Vi vil presisere at hesteholdet er en stor del av gårdsdrifta hos oss og har vært det i alle år. Skulle det være ting dere lurer på, så stiller vi gjerne opp på møte for å svare på spørsmål.




1. ETG. STALL
2. ETG. SAMLINGSROM/LØVE
TEGN. Arild Fellingren
ÅR. 2014 / Rev. 2022




LÄVBRU Fasade NORD



Fasade SØR



Fasade Øst



Fasade Vest



Foto: Randsverkstallen, teke ned frå Randsverk i 2010, for restaurering og oppføring på Sterringen i Finndalen

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

Verneformål – forskrift

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er mellom anna å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart (Verneforskrift § 2).

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar,...

Forvaltningsstyresmakta kan etter verneforskrift for Finndalen Ivo, § 3, pkt. 1.3, gje løyve til:
b) oppføring av nødvendige nye bygningar til jordbruks- og seterformål.

Forvaltningsplan

Nye bygg for jordbruks- og seterformål § 3, pkt 1.3, b

Bygg for jordbruks- og seterformål omfattar dei formål og bygningar som til kvar tid inngår i gjeldane seterforskrift til fjellova. Finndalen landskapsvernområde 127 Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta tillate oppført nye bygg for jordbruks- og seterformål. Nye bygg for jordbruks- og seterformål skal innafor ei forsvarleg økonomisk ramme, utformast i tråd med den tradisjonelle byggjeskikken, men likevel tilpassast gjeldande byggtekniske krav og nyare driftsmessige behov.

Nye bygg skal plasserast i terrenget slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet.

Oppføring av nye bygningar og anlegg (gjerder, bruer og klopper) som er nødvendige til jordbruksformål vil bli vurdert i kvart enkelt tilfelle. Det blir ikkje gjeve løyve til nye byggverk i ubebygde område.

Forvaltningsplan omtalar retningsliner for byggjeskikk på s. 126 og 127:

«Byggjeskikk § 3, pkt 1.2, b og 1.3, b og c.

Ved vedlikehald og restaurering skal ein leggje vekt på å ta vare på viktige element i

- *Materialval*
- *Byggjeteknikk*
- *Utforming og farge, jf. opplistinga ovafor.*

Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande busetnad eller verkar skjemmande i landskapet.»

Naturmangfaldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Presedens

I enkeltsaker som i denne saka, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknade tiltak. Dette følgjer ikkje minst krav til likebehandling, jf.

Retningsliner for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldloven § 48, gjeve av KLD, ved brev frå Miljødirektoratet 02.03.2015.

Vurdering

I setermiljøet som i kulturlandskapet elles i Finndalen utgjer bygningane eit vesentleg element. Dei tradisjonelle bygningane på setrane har vore seterhus, fjøs, løe og ysthus. Stall har nok vore sjeldnare i seterområdet, men på Selbu aust for Sterringen seter har det vore ein stall knytt til skogsdrift. Søkjar har teke over Selbu som er eit fritidsfeste i dag, der Stallen er rive.

Setra til søkjaren er i aktiv drift, og i sommar blir det starta opp med mjølkeproduksjon på geit. I tillegg nyttar dei utmarksbeite til andre husdyr som boergeit (med Nofence på Gammelsteringen), hestar, ammeku og sau. Som aktive husdyrbrukarar ønskjer dei å vidareutvikle setra, og bruke hestane til kursverksemd der stallen blir sentral og viktig. Søkjar har eit akseptert behov for stall knytt til jordbruksformål for å lagre hesteutstyr, høy/flis og for å samle folk som kjem på kurs og eventuelt for utleige til mindre selskap. Tiltaket og behovet er også avklart etter seterforskrifta §10, jf. vedtak i Finndalen fjellstyre 07.06.23.

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er fyrst og fremst knytt til natur- og landskapsverdiar, for å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der

verdifullt setermiljø og vegetasjon og kulturminne utgjør ein vestentleg del av landskapet sin eigenart.

I Forvaltningsplan for Reinheimen er det teke høgde for at det er behov for å oppføre nye bygningar til jordbruks- og seterformål, men det skal også ved byggetiltak leggjast vekt på å ta vare på viktige element i materialval, byggjetechnik, utforming og farge. Tiltaka skal heller ikkje danne ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemma i landskapet.

Søkjar har sendt eit foto av den gamle stallen dei henta frå Randsverk i 2010, og i skissa vedlagt søknaden går det fram at laftetømmeret i 1. etasje skal brukast opp att, og at inngangspartiet skal rekonstruerast, som det er spor etter, jf. fotodokumentasjon. 2. etasje blir noko fornya med laft i møne, men vil bli borkledd i ståande panel. Den opphavelge stallen hadde opningar i både 1. og 2. etasje, truleg med trelemmar, men her vil søkjar sette inn nye glas i meir tradisjonell stil. I tillegg skal låvebrua settast opp att, som truleg også var på den opphavelge stallen.

Ein ny stall er eit nytt byggverk på Sterringen som vil kunne påverke bygningsmiljøet i vesentleg grad. Stallen er også relativt stor med 2 etasjar, og det kan bli eit dominerande bygg. Men ved å plassere bygget nord på setertunet, kan ein senke bygget da terrenget her hallar utover mot seterkvea, som vist på kartet under:



Flyfoto viser avgrensing av setertunet og forslag til plassering av ny stall.

Tiltaket dreier seg også om restaurering og gjenbruk av skogsstallen frå Randsverk i Vågå. I følgje bygningsrådgjevar i Gudbrandsdalsmusea, er gjenbruk og flytting for ny bruk av bygningar ein del av tradisjonen i området, noko som i dette tilfelle kan bli eit fint tilskot til setra. Søknaden og vedlagt skisse viser at det er lagt vekt på gjenbruk av materialar, og ein byggjetechnik og utforming i trå med den lokale byggeskikken.

Kunnskapen om naturverdiar, kulturlandskap, bygningsmiljø i Finndalen er godt, jf. nml § 8, og det er ikkje nødvendig å nytte føre-var prinsippet i denne samanheng, jf. Nml § 9.

Dersom ein gir dispensasjon skal ein også vurdere presedensverknaden, ved ei konkret vurdering av kor mange andre søknader ein kan forvente i området, jf. naturmangfaldlova § 10 (økosystemtilnærming og samla belastning).

I Finndalen er det 4 seterstular med 32 setre og ca. 5 fritidsfeste innafor seterdalen. Av omsyn til likebehandling, vil verknaden av presedens ved at andre med seter kan få dispensasjon til liknande tiltak vera til stade. Forvaltar har vurdert sannsynlegheita for at det vil bli mange parallelle saker som relativt små. Det er god oversikt over landbruksnæringa, husdyrhaldet og aktiviteten i Finndalen og verneområda elles. Enkelttiltaket det er søkt om er knytt til landbruksnæring og bruk av ei seter i tradisjonell drift, og samla omfang av liknande søknader vil neppe koma på eit nivå som gjev samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» og presedensverknad.

Plassering og moglegheit for å senke av bygget i terrenget vil ha mykje å si for om stallen vil verke skjemma i landskapet. Med krav om at endeleg plassering av stallen skal avklarast i felt før oppstart, vil ein kunne avbøte på eventuelle ulemper for landskapsbilete og verneverdiane i området.

Oppsetting av ny stall på setra til Mona og Arild Fallinggen vil ut i frå ei samla vurdering ikkje verke så skjemma på landskapet at det strider mot verneformålet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Vilråra for å gje dispensasjon etter verneforskrift for Finndalen lvo § 3, pkt. 1.3 b), er såleis oppfylt.



Arkivsaksnummer: 2023/3630-2

Saksbehandlar: Kristine Sørli

Dato: 20.06.2023

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	36/2023	27.06.2023

Finndalen LVO - dispensasjon - oppføring av klopp over sidebekk til Råkåelva - Finndalen fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3, i) får Finndalen fjellstyre dispensasjon til å legge ut ein ny klopp over sidebekk i elvevifta til Råkån knytt til eksisterande turstig frå Vangen på vestsida av Råkån. Tiltaket skal trygge ferdsla over elvevifta og koblast til turstigen Råkå vest mellom Vangen og Råkåvatnet.

Dispensasjon er gjeve med følgjande vilkår:

- 2 stokkar (halvklovningar) i furu på ca. 5 meter skal leggast ut over sidebekken som vist på kartet i søknaden.
- Stokkane skal fundamentrast på steinar på kvar side av bekken, og forankrast med vaier.
- Om nødvendig kan det skruvast på trebord på stokkane til gangbane.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding er **09.06.24**. Etter denne fristen fell dispensasjon bort.

Dispensasjon gjeld i høve verneforskrift, og vi gjer merksam på at SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Finndalen fjellstyre, 17.03.23

Saksopplysningar

Finndalen fjellstyre søker om å legge ut ei ny klopp over ein sidebekk til Råkåelva innafor Vangen i Finndalen lvo. Fjellstyret skriv følgjande i søknaden:

«Vi viser til tidlegare e-postutveksling. I år med stor snøsmelting, og etter mykje regnvær, er det nokså stor vassføring i ein sidebekk til Råkåelva rett vest for der fjellstyret fekk bygd ny gangbru i 2018. Når bekken er stor er det vanskeleg å kome over den, både for folk og småfe (sau). Det vart difor lagt ut ei provisorisk klopp der for nokre år sidan. Men denne provisoriske løysinga «heldt ikkje mål», så fjellstyret ønskjer nå å plassere ut ei meir sikker og robust klopp/gangbru her, og som vil stå meir i stil med «hovedbrua». Denne og planlagt

ny klopp ligg etter ein stig som er mykje brukt både i reinsjakta, småviltjakta og til utfart elles, m.a. til Råkåvatnet. Stigen blir også ein del brukt i samband med beitebruk inst i Finndalen.

Vi ser for oss å leggje ut eit par stokkar (halvklovningar) på ca. 5 meter, med påskruva bord til gangbane, samt eit rekkverk på eine sida. Vi håpar på å fa gjort kloppa ferdig nå på forsommaren, og at vi får transportert material med snøskuter i vinter. Vedlagt eit kart og eit flyfoto som viser ca. kor kloppa vil bli plassert. Vi har også lagt ved nokre bilde av gangbrua som vart bygd i 2018.»



X ca. plass for my klopp



Foto: Ny bru (2018) over hovudløpet til Råkån.

I telefonsamtale med Fjelloppsynet i Finndalen fjellstyre 09.06, ble det mellom anna klargjort korleis tiltaket skal gjennomførast, mellom anna forankring. Stokkane over sidebekken skal leggjast på eksisterande steinar på kvar side av bekken. I tillegg skal brua forankrast med vaier på kvar side, for å hindre at kloppen ikkje reiser med vårvatn i snøsmeltinga. Brua er låg og skal ikkje byggjast opp så mykje at det er behov for rekkverk. Men det vil bli aktuelt å skurve på bord til gangbane mellom stokkane, da det er att material til dette frå dei to bruene som vart fjerna lenger ned i elvevifta.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.03.2020

Verneformål – forskrift

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er mellom anna å ta vare på eit eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart (Verneforskrift § 2).

Finndalen landskapsvernområde er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter, jf. verneforskrift § 3, pkt. 1.1., herunder tilbygg og ombygging av bygningar eller anlegg og andre faste eller midlertidige innretningar, ... osv

Nye klopper og bruer må derfor godkjennast av forvaltningsstyresmakta, og er spesifisert i verneforskriftene i § 3, pkt. 1.3 i) og pkt. 1.2 c).

1.2 Reglane i punkt 1.1. skal ikkje vere til hinder for:

c) Vedlikehald av merka stiar, løyper, bruer og skilt i høve til forvaltningsplan.

1.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

i) Opparbeiding og merking av nye turstiar og løyper

Forvaltningsplan

Forvaltningsplan for Reinheimen gir føringar for vedlikehald og ny tilrettelegging, frå s.129:

«Vedlikehald og ny tilrettelegging § 3, pkt 1.2 b, c, 1.3, i.

Med direkte heimel i verneforskrifta og i samsvar med forvaltningsplanen kan det gjerast vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper (Jf kart nr 4 og 5) Tiltak som er tillate omfattar å fjerne greiner og trær i og nær stigen, tilretteleggje for kryssing av bekkar og våte parti med materialar ein finn i området og vedlikehalde merking (Jf kart nr 6) Etter søknad kan forvaltningsstyresmakta godkjenne oppgradering eller anna endring av standard på tilrettelegging i forhold til vernetidspunktet og opparbeiding og merking av nye stigar og løyper når det ikkje skadar verneverdiane. I den grad det er nødvendig for trygging av ferdsla kan forvaltningsstyresmakta gje løyve for bygging av nye klopper og bruer. Dette gjeld særleg råket mellom Vangen og Råkå vest for Råkååe.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til enkle tiltak som kan styrke friluftslivet eller ei næringssatsing knytt til verneområdet eller som kan kanalisere ferdsla. Med enkle tiltak er det her tenkt på:

- Stutte merka ruter evt. med førar (car walks)
- Naturstigar
- Småskala reiselivsutvikling i seterområda
- Tilrettelegging av kulturminne for formidling av historia knytt til bruken av området.

Ved vurdering av opparbeiding og merking av nye turstigar og løyper skal ein ta omsyn til forholda for landskap, naturmiljø og dyreliv slik at

- fysiske tilretteleggingstiltak ikkje blir skjemmaende for omgjevnadene
- det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan medføre unødig slitasje på terrenget
- det ikkje blir lagt til rette for ferdsel som kan vere i konflikt med viktige viltområde som parings- og hekkeplassar.

All tilrettelegging for friluftsliv i landskapsvernområdet, som merking av stigar, stikking av skiløyper og bygging av bruer og klopper, skal vere i tråd med Direktoratet for naturforvaltning si handbok 27 Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv, 2006 (Direktoratet for naturforvaltning 2006) og Merkehandboka, DNT mfl 2002 Finndalen landskapsvernområde 130 (DNT2002).

Tilretteleggingstiltak skal utførast med vekt på omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming. Ein bør helst nytte stadeigne materialar som tre og stein, men ein kan avvike frå dette av omsyn til tryggleik og vedlikehald.

Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til rydding av fiskeplassar der det ligg til rette for det.»

Naturmangfoldlova

I medhald av nml § 7, skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsippa i nml §§ 8-12, og presedensverknad.

Vurdering

Finndalen lvo er ein verdifull seterdal med eigenarta og vakkert natur- og kulturlandskap, der vassdragsnaturen er ein sentral del av verneverdiane i området. Området er viktig for brukarinteresser knytt til kommunane Vågå, Lom og Skjåk, med 4 seterstular og eit aktivt beitebruk. Finndalen er også eit attraktivt område for friluftsliv knytt til jakt, fiske og fotturar frå seterområda, i hovudsak for lokalbefolkninga. Området har ein låg profil på tilrettelegging, men det er merka turstigar frå setrene på Vangen på kvar side av Råkåelva opp til Råkåvatnet som blir brukt av turgåarar og til fjellstyrehytta i samband med fiskeing særleg under garnfiskesesongen. I tillegg blir dei lokale turstigane i stor grad nytta i samband med tilsyn av beitedyr og under villreinjakta.



Foto: elvevifta, der ny kløpp og eksisterande bru over hovudløp i Råkån er markert.

Råkåelva kjem frå Råkåvatnet og har den mest spektakulære og svært aktive elvevifte på Vangen før den renn ut i samleløp med Finna. Elvevifta har i tillegg til eit større hovudløp mange forgreiningar som endrer seg over tid. Det betyr at turstigen frå Vangen vest for Råkåelva til Råkåvatnet, krev kryssing av elvevifta på fleire plassar i tillegg til hovudløpet, der det er bygd ei solid bru i 2018.

I forvaltingsplan for Reinheimen er det tatt høgde for vedlikehald av eksisterande stigar med varding, bruer og klopper, og at forvaltningsstyresmakta kan godkjenne oppgradering eller anna endring av standard på tiltettelegging når det ikkje skader verneverdiane. Det er og teke inn ein regel om at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve for bygging av nye klopper og

bruar, når det er nødvendig for å trygge ferdsla. Dette gjeld særleg råket mellom Vangen og Råkå vest for Råkååe, som i denne saka.

Formålet med Finndalen landskapsvernområde er fyrst og fremst knytt til natur- og kulturlandskapsverdiar, der verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne utgje ein vesentleg del av landskapet sin eigenart. Leve- og trekkområde til villreinen er også sentralt i verneformålet, i tillegg til anna biologisk mangfald som pregar landskapet. Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

Det er søkt om å leggje ut eit par stokkar (halvklovningar) på ca. 5 meter, med påskruva bord til gangbane, samt ei forankring av brua på kvar side med vaier festa forsvarleg slik at det held ved snøsmelding og vårflaum. Klopplegginga med halvklovningar tek *omsyn til naturmiljøet og tilpassing til landskapet gjennom materialval og utforming*. Materiale på stokkane er seintvoksende furu som skal fundamenterast på stadegen stein. Trebord til gangbana er gjenbruk av materiale frå to bruar som vart fjerna lenger ned i elvevifta i fjor. Tilretteleggingstiltaket vil trygge nødvendig ferdsel knytt til dei lokal brukarinteressene i området, som er i samsvar med forvaltningsplan.

Kunnskapen om naturverdiar, kulturlandskap, bygningsmiljø i Finndalen er godt, jf. nml § 8. Tiltaket vil ikkje føre til endra bruk, eller verkar skjemmande i landskapet. Tiltaket kjem heller ikkje i konflikt med viltområde eller hekkeplassar.

Ny klopp over sidebekk i elvevifta til Råkån vil ikkje verke skjemmande på landskapet eller påverkar verneverdiane nemneverdig. Vilkår for å gje dispensasjon etter verneforskrifta er såleis oppfylt.

Enkelttiltaket det er søkt om er knytt til ein eksisterande turstig i området, og samla omfang av liknande søknader på Vangen og elvevifta i Råkån vil neppe koma på eit nivå som fører til samla belastning på området over akseptabelt nivå, jf. nml § 10 «økosystemtilnærming og samla belastning» og presedensverknad. Tiltaket vil ikkje føre til endra/auka bruk men vil trygge eksisterande bruk av stigen. Tiltaket strider ikkje mot verneføremålet, og vil ikkje vera til ulempe for verneverdiane i området.

ST 37/2023 Orienteringar